

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# ELDREDAGEN 2020

OKTOBER VIL ELDREDAGEN VERTA MARKERT  
MED GUDSTENESTE I KYRKJA KL 15.00 OG  
MIDDAG PÅ SENIORSENTERET KL 16.00.

PRIS KR 300 PR PERSON.  
BINDANDE PÅMELDING  
TIL SERVICEKONTORET PÅ TLF 56 16 20 00  
INNAN 24.SEPTEMBER

**VEL MØTT!**

Elderrådet  
Med etterhald om endring av  
smitteverntiltak,  
kan middagen verta flytta til Samfunnshuset.



*Augustnummer - Kyrkjebakken nr. 5 2020, 49 årgang. Nytt stoff innan 08. september*



**KYRKJE BAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**  
Sokneprest: Trefttid etter avtale  
Kyrkjeveje:

**Bustadtelefonar:**  
Sokneprest Rune Minde 906 95 377  
Kyrkjeveje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

### Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

### Konfirmasjon i Austrheim søndag

30.august kl. 10, 11.30 & 13  
(vert streama på heimesida vår)

**Barnehelga**  
11 – 13 september

**Barnaſ festgudsteneste**  
**Søndag 13.sept kl. 11.00**



**Gudsteneste for alle,**  
fredag 25.september kl. 18.00

**Konfirmantpresentasjon**  
27.september kl. 11.00

**Gudsteneste med**  
**50-årskonfirmantar**  
27.september kl. 13.00

# Takknemlighet

Se for deg at det ENESTE du våkner opp med i morgen tidlig, er det du takker for i kveld. Hva ville du takket for?

Noen ville nok takket for familie, andre for mobilen, senga som er god å ligge i. Og mange hadde nok ikke fått sove den kvelden. Ikke fordi det er en vond tanke, men fordi man vil se at det er så mange ting å være takknemlig for, at det ville tatt hele natten å takke for alt. Men hvorfor er det likevel ofte slik at vi ikke er fornøyd med det livet vi lever? Hvorfor vil vi alltid ha mer, det nyeste, det beste, det kuleste?

Undersøkelser viser at takknemlighet er nøkkelen til å leve et godt liv. Og det tror jeg ikke er tilfeldig. For om vi klarer å fokusere på det man setter pris på istedenfor det vi ikke liker vil vi se mye mer glede i hverdagen. For eksempel det å være takknemlig for at vi kan gå på skole, istedenfor å tenke at det er kjedelig å måtte gjøre lekser.

Klarer vi dette vil vi få mye mer overskudd i hverdagen og vi kan spre glede og takknemlighet videre til andre. Vi kan bety en forskjell for oss selv og for de rundt oss. Og vi er så heldige at vi har Jesus som vi kan være takknemlige til og fortelle om alt det vi setter ekstra stor pris på.  
Gled dere i Herren alltid! Igjen vil jeg si: Gled dere!

### UTFORDRING

Dagens utfordring blir å prøve å fokusere på det å være takknemlig over det som skjer, det man får og det man har. Prøv derfor i kveld før dere legger dere å be en bønn og takke for tre ting dere er takknemlige for i livet deres.

Andakt fra KRIK.no

### Innkalling til

## ÅRSMØTE

i Stiftelsen Betania Lervåg torsdag  
3. september 2020 kl. 19:00 på Lervåg Bedehus

Saksliste:  
Velkomst - Val av møteleiar  
Årsmelding - Rekneskap - Budsjett og årsplan -  
Endring av vedtekten  
Val- Avslutning

Alle velkomne!  
For styret i Stiftelsen Betania Lervåg -  
Harald Odd Sognnes - Leiar





# Austrheim sokn

## Gravlagde



- 5.juni Leif Monrad Rebnord f. 1930
- 16.juni Harald Oliver Austrheim f.1930
- 26.juni: Gerd Langøy f. 1942
- 2.juli: Gerd Sissel Austrheim  
(urnesermoni og nedsetjing) f. 1954.
- 3.juli: Jakob Mikal Sæthre (bisetjing) f. 1937
- 6.august: Olav Sognnes f. 1925
- 20.august: Ole Johan Hopland f. 1946

## Døypte



- 28.juni Savannah Isadora Aase Sævrøy
- 16.august Sigrid Bakke Lunde

## TAKK

*På vegne av familien vil me takka innbyggjarane i Austrheim kommune for all støtte i den lange tunge prosessen ifbm vår mor Gerd Sissel Austrheims bortgang. Me vil også retta ein stor takk til Austrheim Legekontor og spesielt lege Petter Kubon for uvurderlig støtte. Takk til Lisbeth og John ved Vatne begavelse byrå og Prest Rune Minde for arbeidet rundt ein verdig avslutning. urnenedsetjing, stillheit og med den nærmaste famili til stade.*

Trine Austrheim, Merete Austrheim Rebnord og Odd Martin Austrheim

## HJERTELEG TAKK

for omtanke, deltagelse og blomster ved vår kjære far, Leif Rebnord sin bortgang.  
En spesiell takk til Heimesjukepleien og Nordliheimen for god pleie og omsorg.

Hermund, Janet og Laila m/ familier.

## HJARTELEG TAKK

Hjarteleg takk til diaconinemnda for oppmerksomheten og fekk på 80 årsdagen min.

Helsing Kjell Isaksen

## HJARTELEG TAKK

Hjarteleg takk for all omtanke og medkjensle ved Haralds bortgang og takk til alle som kom og var med oss på gravferdsdagen.

Oddlaug med familie.

## HJARTELEG TAKK

for all medkjensle, blomehelsingar og gåver til Kreftforeninga ved vår kjære Helge Lyslo sin bortgang.

Brit, Anita og Kristin m/fam.

## SLÅTT AV GRAVPLASSANE I SOMMAR

Dette året har vi ikkje kunna hyra inn sommarhjelp for å slå gravplassane, noko vi har kunna gjort kvart år tidlegare. Til liks med alle andre einingar i kommunen har også kyrkja fått tøffe krav om å spare pengar. Soknet får hovuddelen av sine tilskot frå kommunen. Dette følgjer av vanleg praksis og er nedfelt i Kyrkjelova. Når sparekniven no må svingast, har vi prøvd å vera kreative, sidan vi ikkje har sett oss råd til å tilsetja sommarhjelp.

Vi er så ubeskjedne at vi meiner gravplassane i Austrheim framstår som vakre og velstelte. Vi har framleis våre utfordringar med behov for drenering av enkelte område, som det vert arbeidd med utanfor slåttesesongen. Men likevel; vi er opptekne av at gravplassane skal framstå på ein presentabel måte. Vi har ikkje så mykje sans for å synleggjera budsjettkutt med at gravplassane gror over.

For å bøta på manglande sommarhjelp er vi fleire i staben som har steppa inn og vore slåttehjelp denne sommaren. Sjølvsagt skadar det ikkje med fysisk aktivitet i arbeidstida for oss som vanlegvis ser inn i ein pc-skjerm. Men det har vore utfordrande å få til, sidan dette er slikt som har kome oppå våre vanlege oppgåver. Så til neste år vonar vi å kunna vera litt mindre kreative når det kjem til stell av gravplassane våre.




## LOPPEMARKED

### Lørdag 10. oktober

blir det Loppemarked på Austrheim Samfunnshus.

Innlevering av lopper veka før.  
Evt. spørsmål: 99467606



Arrang: eierlagene av Samfunnshuset

## LANDBRUKS DAGEN I AUSTRHEIM 2020

Styringsgruppa for Landbruksdagen i Austrheim har vedteke å avlysa Landbruksdagen i Austrheim lørdag 03.10.2020, grunna smittevernsrestriksjonane i samband med koronapandemien.

Dette er beklagelig for publikum, utstillarar og arrangørar, men ein nødvendig konsekvens av slik som betingelsene er for store arrangement.

Vi håper å komme sterkt tilbake i 2021.

Styringsgruppa i Landbruksdagen i Austrheim

# Min salme

Som organist i Austrheimkyrkja er eg innom ganske mange salmar i løpet av eit år. Me er så heldige som har ei fantastisk innhaldsrik salmebok der du finn alt frå norske folketonar til tango. Det er vanskeleg for meg å velje ein favoritt, for det kjem an på korleis dagen er. Derfor er fint med å ha så mange flotte salmar å velje mellom. I tillegg til salmeboka lagar eg ein del salmar sjølv, og det er veldig kjekt for meg når eg oppdagar at mine songar lever sitt eige liv ved at andre har tatt dei i bruk. Ein salme som ofte vert brukt heime på kvelden er «Fager kveldssol smiler». Dette er ein salme som har blitt sunge for meg i oppveksten min, og som eg syng saman med mine born i dag. Den og har fått sitt eige liv, for når me syng «berre bekken brusar», då tenkjer me på bekken i Etne der mor mi vaks opp. Derfor trudde eine guten min at det må vere me som har laga songen. For korleis elles visste dei om bekken «vår». Eg kjem og alltid til å hugse då eg oppdaga kva gutane mine song i tredje verset. For «ingi klokke bera» vart til «ringeklokke bera». Då var det på tide for forklare litt kva teksten betyr.

Fager kveldsol smiler  
Over heimen ned,  
Jord og himmel kviler  
Stilt i heilag fred.

Berre bekken brusar  
Frå det bratte fjell,  
Hør kor sterkt det susar  
I den stille kveld!

Ingen kveld kan læra  
Bekken fred og ro,  
Ingi klokke bera  
Honom kvilebod.

Så mitt hjarta stundar,  
Bankande i barm,  
Til eg ein gong blundar  
I Guds faderarm.

**Helsing Jostein Hauge**



## LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

**Søndag 30. aug kl 11:00 Møte:** Øystein Valde

**Søndag 13. sept kl 17:00 Søndagssang**

m/ Else Linn Myrås og Øystein A. Waagbø

## RR-AUSTRHEIM

**Speideren starter opp igjen 25.august** 3. – 7. klasse



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

**ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD**

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 952 13 012 ELLER 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)



# DEN STORE BARNEHELGA

22. -24. september



Det heile startar fredag med pyjamasfest for treåringane!

Her blir alle treåringar i Austrheim invitert til å komme med sin finaste pyjamas og med kosebamsen sin. Kyrkjå vert pynta for anledninga, og det vert til og med ei seng foran altarringen. Her skal me synga nattasongar, fortella nattaforteljing, og vere med på ei lita kyrkjevandring.

På laurdag er det fireåringane sin tur. Då blir det bollefest!

Vi skal selvfølgelig ha boller og saft. Så skal me sjå litt på 4-årsboka som skal delast ut søndagen. Du får di eiga aktivitetsbok, me skal synga kjekke songar, og me skal få høre ei kjekk forteljing.



Pa söndag er det Barnas festgudsteneste i Austrheim kyrkje.

Denne gudstenesta er ei familiegudsteneste der 3-åringane og 4-åringane skal få utdelt si bok denne dagen. Her får sjå litt frå kva dei har gjort tidlegare i helga. Ei flott gudsteneste for store og små.

Det kjem invitasjon i posten til pyjamasfesten og bollefesten.  
Følg med på facebook og heimeside for eventuelle endringar.



## 50 års konfirmantane 2020

I år inviterer vi 50 års konfirmantane til gudsteneste i Austrheimkyrkja søndag 27.september kl 13.00. Grunna coronatiltaka får dei i år ei eiga gudsteneste, etter den ordinære, som skal vera kl 11.00.

Etterpå inviterer soknerådet til festleg samvær i Kilstraumen.

- Terje Otto Austrheim
- Odd Asbjørn Bergsvik
- Arild Inge Daae
- Kjell Hope
- Ole Martin Kvamme
- Kjell Ove Leikvoll
- Malvin Arnt Rørtveit
- Augun Karstein Sævrøy
- Dag Atle Utkilen
- Paul Oddvar Vik
- Marit Bente Dyrnes
- Oddny Margrethe Hauge
- Alise Hopland
- Kirsten Elisabeth Njøten
- Erna Sigrun Strømsnes
- Harriet Kitty Sætre
- Liv Marit Sørensen
- Ally Karin Vårbakken.



## GRATULERER KONFIRMANTAR

Austrheimkyrkja vil ynskje alle konfirmantane hjarteleg til lukke med dagen!

Det har blitt eit spesielt år grunna korona, og sjølve konfirmasjonsdagen har blitt flyttet frå mai til 30.august.

Dei som skal konfirmerast

i år er:

Marius Brandtun  
Emma Olivia Sørensen Drange  
Oliver Johnstad Gjerde  
Victoria Mongstad Gullaksen  
Leon Hamre Hamre  
Solveig Håland  
Niklas Risnes Johansen  
Marius Kvamme Kalstad

Elena Adriana Krossnes

Kevin Kårdal  
Emma Arentsen Langøy  
Ida Cathrin Sellevoll Langøy  
Amalie Larsen Grimeli  
Maged Makdesi Gego  
Elin-Marie Berge Monslaup  
Ida-Johanne Austrheim Olsen  
Celina Konglevoll Remme  
Aslak Sulen

Alexander Mikal Sætre  
Magnus Bergsvik Sætre  
Martin Lidström Sætre  
May Søreide Lerøy  
Anne-Rita Wærøy  
Malin Øksnes  
Emil Ånneland  
Sanna-Mari Vallestad Årås  
Sunniva Vallestad Årås

### Opening av Seniorsenteret hausten 2020

Me opnar seniorsenteret frå 17.august.  
Dei faste aktivitetane vil gå som før.  
Med tek etterhald om endringer i smittesituasjonen.

Dei faste aktivitetane på dagtid er:  
**Mandag kl. 11.00 – Herretrim**  
**Tirsdag kl. 11.00 – Dametrim**  
**Onsdag kl. 13.00 – Middag**  
**Torsdag frå kl. 11.00 – Kafé**

Seniorsenteret opnar også for kveldsaktivitetar og utleige.  
Velkommen





**Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...**

Rune Austrheim  
Fosnøy Bilcenter AS  
Telefon: 56 16 75 50

...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. [www.fosbilcenter.no](http://www.fosbilcenter.no)

For everything your car needs.

## DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

**Vi påtar oss store og små oppdrag!**  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

Ønker velkommen  
til gamle og nye kunder.

Vi treffes på Åråshøgda 19.  
Timebestilling: Man- Fre.  
Telefon 56169200 / 95214616



Alla Kurinna

**Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset**



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

**Telefon vakt 56 16 98 35**



**Panasonic  
Varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)

**Vatne  
Begravelsesbyrå**

GRAVFERDSSGRUPPEN

Vi kan hjelpe til  
med rådgivning  
og tilrettelegging  
ved begravelser  
og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**  
**56 35 09 10**  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.ostenstein.no](http://www.ostenstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

Biblioteket opnar att frå og med tysdag 19. mai.  
Vanlege opningstider

## HOVUDBIBLIOTEKET:

Onsdag kl. 14.00 - 19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 - 15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post:  
[bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

Tlf.nr. 56 16 21 61

E-post:  
[fonneb.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonneb.bibliotek@austrheim.kommune.no)

*Oppussing av  
gravmonumenter*

Utfører vasking,  
rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.  
**Legevakt 116117**

### Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

kl. 08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

### NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:  
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

 **KIRKENES  
SOS**



# AKUTT!

## Libanon trenger vår hjelp



Libanon er på nytt rammet av krise etter den katastrofale eksplosjonen i Beirut. Til nå har over 100 liv gått tapt og hundretusenvis står uten et hjem. Behovet for nødhjelp er enormt. Folk trenger rent vann, mat og husly.

Allerede før eksplosjonen var situasjonen i Libanon akutt. Landet som allerede huser 1,5 millioner syriske flyktninger, er hardt rammet av fattigdom, konflikt, pandemi og økonomisk og politisk krise.

Som en umiddelbar del av responsen er vi i gang med å planlegge:

- Utdeling av mat/måltider
- Utdeling av hygiene-pakker med beskyttelses utstyr mot COVID-19 (masker og hånd desinfeksjon)
- Utdeling av kjøkkenutstyr og tepper
- Psykososial støtte og mobile tjenester for de som er utsatt for kjønnsbasert vold
- Gjennom partnerne er vi i gang med å kartlegge ødeleggelsjer av klinikker, skoler

og leiligheter slik at vi også kan rehabiliterere disse så fort som mulig.

MECC - Middle East Council of Churches - har delt følgende appell og bønn vi her har omsatt til norsk:

**Beirut er sønderknust**

**Beirut står midt i lidelsen**

**La oss stå sammen.**

**La oss redde de sårede og de som har mistet sine hjem**

**La oss be for ofrene**

**Å Gud, se i nåde til vårt elskede Libanon og det sørdeknuste folket.**

**Skjul ikke ditt ansikt for oss**

I samarbeid med vår lokale partner IOCC i Libanon deler Kirkens Nødhjelp ut hygienesett, ansiktsmasker og desinfiseringsmidler, for å lære dem å beskytte seg mot den stadig økende koronasmitten i Libanon. Vi deler også ut fargeleggingsbøker og tegneblyanter til barna - for at de skal få tankene vekk fra den katastrofale eksplosjonen som rammet dem.

Tusen takk!

Vipps til 2426 - Kontonummer: 5005.22.10027

# FJON FJELLKYRKJE I CORONATIDER

Fjon Fjellkyrkje ligg ikkje langt frå allfarveg – E39 – og likevel godt ‘for seg sjølv’ på Haukeland. Det hindrar ikkje at også Fjon har fått merke følgjene av coronanedstengingen.

**- Korleis har coronatiltaka fått følgjer ved Fjon?**

Spørsmålet går til Knut Fr. Sørheim, styremedlem og ansvarleg for uteiga.

- Det første, var at vi måtte utsetje det årlege rådsmøtet, som skulle vore alt 17.mars. Det betyr ikkje så mykje, dette kan vi halde ein gong etter sommaren. Meir synd er det at vi måtte avlyse gudstenesta skjærtorsdag, ei gudsteneste som har hatt sin plass kvart år heilt frå 1977 då tomtan var utpeika. Det er også leit at det denne sommaren blir uråd å avvikle olsokstemnet som dei siste åra har samla mellom 120-150.

**- Kva med andre sider av drifta – har de fått mange avbestillingar?**

- Faktisk ikkje så mange, noko som har sin grunn i at vi denne våren dessverre hadde ein svak ‘ordrebok’ frå midt i mars og fram mot sommaren. Vanlegvis er det ganske tett med bestillingar, og då ville situasjonen vore ein annan. Men totalt betyr det at vi har eit halvår bak oss med betydeleg inntektstap. Litt avhengig av kva som skjer no siste månaden før sommaren, kan det bli på rundt 75 000 samanlikna med fjoråret. Av totalt årsbudsjett på rundt 300 000 er det ganske mykje.

**- Får dette store følgjer for den vidare drifta?**

- Men sikte på eit par større opprustingstiltak som var planlagt, hadde vi opparbeida oss ein viss kapital. Denne har vi no i stor grad måttå

nytta til dekning av faste kostnader som straum og forsikring, og har måttå leggje på is alle andre planar og vedlikehaldstiltak som kan vente. Det betyr sjølv sagt at det blir svært spennande korleis inntektene blir vidare utover hausten og vinteren. Dei som alt hadde bestilt før coronatida kom, har heldigvis ikkje avbestilt, og vi har begynt å få nokre nye bestillingar.

-

**Vil det vere trygt å bruke Fjon framover?**

- Ja, så sant ein tek dei nødvendige og vanlege smitteverntiltak på alvor, vil det gå heilt fint, men det ansvaret er det kvar leigetakar som må ta. I samråd med kommunalegen i Masfjorden, legg vi til rette så langt det let seg gjøre, og sender ut dei faglege råd som er aktuelle. Men med tanke på avstandskrav, kan det hende at det for enkelte kan bli litt vansker med kapasiteten.

**- Kva tenker du om framtida for Fjon?**

- No har eg følgt verksmeda ved Fjon gjennom snart førti år, og eg er imponert over kor mange ulike grupper og formål som har funne Fjon som veleigna stad. Det er ungdomsgrupper, samling for styrer og sokneråd, bibelskular og konfirmantar, kveldssamlinger og helgeopphold, familiesamvær og stad for merkedagar. Og økonomisk har det aldri vore vanskar etter at Fjon alt i 2004 vart gjeldfri. No er det berre å vone at mange ser denne fantastisk flotte staden og held fram med å bruke han like jamt som til no, og at vi framleis vil ha nokon som på vegne av soknene, som eig Fjon, er villige til å ta oppgåvane med drifta slik det gjennom alle desse åra er gjort på dugnad.

